



# Vekselbanken

Ein god medspelar



## DELÅRSRAPPORT 1. kvartal 2024

Voss, 14. mai 2024  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 1. KVARTAL 2024

## GENEREKT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Financial Reporting Standards).

Banken har utarbeida konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksels- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 1. kvartal på 27,3 mill. kr. Dette er ein auke på 7,3 mill. kr i høve til same periode i 2023. Resultat av ordinær drift før skatt er 27,7 mill. kr mot 18,7 mill. kr i 2023. Resultat etter skatt er 20,7 mill. kr mot 14,1 mill. kr i 2023.

Totalresultat pr. utgangen av 1. kvartal 2024 er 20,4 mill. kr mot 13,3 mill. kr for same periode i fjor.

Banken har ei positiv utvikling i basisdrifta. Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital er 11,6 % pr. utgangen av 1. kvartal i år mot 8,2 % for tilsvarende periode i fjor. Styrkinga kjem av god underliggende drift, utlånsvekst, kostnadskontroll og vekst i andre inntekter.

## RENTENETTO

Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter ved utgangen av 1. kvartal er bokført til 33,2 mill. kr. Dette er ein auke på 2,9 mill. kr frå same periode i 2023. Dette skuldast både volumvekst og auke i rentemarginen. Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 1. kvartal 2,13 % (2,09 %).

## ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 1. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 10,9 mill. kr. Dette er ein auke på 3,7 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter aukar med 0,2 mill. kr i høve til 2023. Utbytte aukar med 2,0 mill. kr, og netto verdiendring på finansielle instrument aukar med 1,9 mill. kr. Andre inntekter er redusert med 0,5 mill. kr.

Augen i utbytte skuldast utbytteinntekter frå Eksportfinans, og der banken har ein netto positiv resultateffekt på 2,0 mill. kr. Resultateffekten vert fordelt mellom ordinært utbytte på 1,3 mill. kr og ekstraordinært utbytte på 4,0 mill. kr med tilhøyrande negativ verdiregulering på 3,3 mill. kr.

## DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 1. kvartal bokført til 16,8 mill. kr mot 17,5 mill. kr i fjor. Løn og andre personalkostnader har auka med 0,7 mill. kr i høve til 2023, medan andre driftskostnader er redusert med 1,3 mill. kr. Avskrivingane er redusert med 0,1 mill. kr.

## TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

Ved utgangen av 1. kvartal har banken netto tilbakeført tap og nedskrivingar på utlån med 0,4 mill. kr mot ei kostnadsføring på 1,2 mill. kr i fjor. For nærmere spesifikasjon, sjå note 2 og 3.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjevise nedskrivingane knytt til auka usikkerheit med kraftig inflasjons- og renteauke og auka makroøkonomisk usikkerheit på 7,2 mill. kr. i 1. kvartal 2024.

## RÅVELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 1. kvartal er 6.817 mill. kr. Dette er ein auke på 336 mill. kr (+5,2 %) siste året. Råveldekapitalen på eiga bok er 6.227 mill. kr. ved utgangen av 1. kvartal.

## INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 1. kvartal på 4.379 mill. kr. Dette er ein auke på 283 mill. kr (+6,9 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 1. kvartal er 81,5 % mot 80,7 % på same tidspunkt i fjor.

Innskota isolert for 1. kvartal er redusert med 11,4 mill. kr.

## UTLÅN

Banken har ved utgangen av 1. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 313 mill. kr (+5,5 %). Utlånsauken til privatkundar er 220 mill. kr (+4,7 %), medan auken til næringskundar er 93 mill. kr (+9,4 %). Brutto utlån inklusive lån til EBK er ved utgangen av 1. kvartal 5.965 mill. kr (5.652 i 1. kvartal 2023).

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 5.374 mill. kr mot 5.075 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal 2023. Av samla utlån er 1.086 mill. kr (20,2 %) utlån til næringsverksemd og 4.288 mill. kr (79,8 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjer ved utgangen av 1. kvartal 591 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 12,1 % mot 12,4 % i 2023. Dette utgjer 9,9 % (10,2 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

## LIKVIDITET

Likviditeten i kvartalet har vore god gjennom stabile innskot, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 1. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.009 mill. kr mot 1.033 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal 2023. Sjå note 8 for nærmere detaljar. Ved utgangen av 1. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 678 % og NSFR 137 %.

## EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 22,72 % ved utgangen av 1. kvartal mot 23,52 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 695,6 mill. kr, mot 656,7 mill. kr same periode i fjor.

Kjernekapitalen til banken er 635,6 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 585,6 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 20,76 % (21,37 % i 1. kv. 2023) og ei rein kjernekapitaldekning på 19,13 % (19,58 % i 1. kv. 2023) av beregningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 10,1 % ved utgangen av 1. kvartal 2024 mot 9,9 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet til no i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning. Utbyttet som generalforsamlinga i banken vedtok på generalforsamliga 25. april 2024 på NOK 14,10 per aksje er heller ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning.

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet pr. 30. april 2022 på 2,0 %. Dette var i tråd med banken sine forventningar.

Frå 01.01.2018 rapporterer banken konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 22,26 % ved utgangen av 1. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 20,29 % og 18,66 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,50 %.

## REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## UTSIKTENE FOR 2024

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrker banken sitt inntektsgrunnlag.

Den vedvarande krigen i Ukraina og Midtausten kombinert med vedvarande høg inflasjon har ført til auka usikkerheit. Inflasjonen er framleis på eit høgt nivå, og kombinert med høgare renter enn for nokre år sidan har dette bremsa aktiviteten i mange bransjar. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Norges Bank signaliserer no at rentetoppen truleg er nådd, men den varsle rentenedgangen let vente på seg. Den kjem truleg ikkje før heilt på slutten av 2024 eller i starten av 2025.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

## FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 1. kvartal 2024 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilet av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 14. mai 2024


Styret i Voss Veksle- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Olav Seim

  
Hege Solbakken

  
Kathrine Løno Lahlum  
Nestleiar

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe  
Adm. banksjef

| <b>Resultat - Konsern</b>   | <b>Note</b> | <b>1. kvartal</b> | <b>1. kvartal</b> | <b>Året</b>     |
|---|-------------|-------------------|-------------------|-----------------|
| <i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>                               |             | <b>31.3.24</b>    | <b>31.3.23</b>    | <b>31.12.23</b> |
| Renteinntekter fra eigenlutar vurdert til amortisert kost                   |             | 85.759            | 62.966            | 295.425         |
| Rentekostnadar og liknande kostnadar  |             | 52.523            | 32.666            | 162.395         |
| <b>Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter</b>                            |             | <b>33.236</b>     | <b>30.301</b>     | <b>133.030</b>  |
| Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester                           |             | 4.187             | 4.032             | 17.871          |
| Provisjonskostnadar og kostnadar ved banktenester                           |             | 504               | 576               | 3.330           |
| Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument                        |             | 2.000             | 0                 | 3.360           |
| Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument         | Note 7      | 4.594             | 2.660             | 19.638          |
| Andre driftsinntekter   |             | 629               | 1.100             | 5.104           |
| <b>Netto andre driftsinntekter</b>  |             | <b>10.906</b>     | <b>7.216</b>      | <b>42.642</b>   |
| Løn og andre personalkostnadar  |             | 8.498             | 7.834             | 31.175          |
| Andre driftskostnadar   |             | 8.067             | 9.319             | 37.579          |
| Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eigenlutar        |             | 279               | 380               | 1.416           |
| <b>Sum driftskostnadar</b>  |             | <b>16.844</b>     | <b>17.533</b>     | <b>70.170</b>   |
| <b>Resultat før tap</b>   |             | <b>27.298</b>     | <b>19.984</b>     | <b>105.502</b>  |
| Kredittap på utlån, garantiar og renteberende verdipapir                    | Note 5      | -381              | 1.240             | 4.419           |
| <b>Resultat før skatt</b>   |             | <b>27.679</b>     | <b>18.743</b>     | <b>101.084</b>  |
| Skattekostnad   |             | 6.931             | 4.683             | 23.430          |
| <b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>                                |             | <b>20.748</b>     | <b>14.060</b>     | <b>77.653</b>   |
| <i>Utvila resultat - Tal i tusen kroner</i>                                 |             |                   |                   |                 |
| Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger               |             |                   |                   |                 |
| Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvila resultat | Note 7      | -396              | -789              | 6.882           |
| Skatt   |             |                   |                   |                 |
| <b>Sum postar som ikke vil bli klassifisert over resultatet</b>             |             | <b>-396</b>       | <b>-789</b>       | <b>6.882</b>    |
| Verdiendring utlån til verkeleg verdi                                       |             | 0                 | 0                 | 59              |
| Skatt   |             | 0                 | 0                 | -15             |
| <b>Sum postar som vil bli klassifisert over resultatet</b>                  |             | <b>0</b>          | <b>0</b>          | <b>44</b>       |
| <b>Totalresultat</b>  |             | <b>20.351</b>     | <b>13.271</b>     | <b>84.580</b>   |
| <b>Resultat per aksje</b>   |             | <b>8,96</b>       | <b>5,80</b>       | <b>33,04</b>    |
| <b>Resultat etter skatt</b>   |             |                   |                   |                 |
| Aksjeeigarane sin andel av resultatet                                       |             | 19.748            | 12.705            | 72.814          |
| Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet                               |             | 1.123             | 1.272             | 4.516           |
| Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet                |             | -124              | 83                | 322             |
| <b>Totalresultat</b>  |             | <b>19.352</b>     | <b>11.916</b>     | <b>79.740</b>   |
| Aksjeeigarane sin andel av resultatet                                       |             | 19.352            | 11.916            | 79.740          |
| Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet                               |             | 1.123             | 1.272             | 4.516           |
| Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet                |             | -124              | 83                | 322             |

|   | Note   | 1. kvartal<br>31.3.24 | 1. kvartal<br>31.3.23 | Året<br>31.12.23 |
|---|--------|-----------------------|-----------------------|------------------|
| <b>Resultat - Morbank</b>   |        |                       |                       |                  |
| <i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>                               |        |                       |                       |                  |
| Renteinntekter frå eigenlutar vurdert til amortisert kost                   |        | 85.763                | 62.983                | 295.469          |
| Renteinntekter frå øvrige eigenlutar  |        | 0                     | 0                     | 0                |
| Rentekostnadar og liknande kostnadar  |        | 52.532                | 32.666                | 162.408          |
| <b>Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter</b>                            |        | <b>33.231</b>         | <b>30.317</b>         | <b>133.060</b>   |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester                           |        | 4.187                 | 4.032                 | 17.871           |
| Provisjonskostnadar og kostnadar ved banktenester                           |        | 504                   | 576                   | 3.330            |
| Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument                        |        | 2.000                 | 0                     | 3.360            |
| Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument         | Note 7 | 4.594                 | 2.660                 | 19.638           |
| Andre driftsinntekter   |        | 0                     | 0                     | 29               |
| <b>Netto andre driftsinntekter</b>  |        | <b>10.277</b>         | <b>6.116</b>          | <b>37.567</b>    |
| Løn og andre personalkostnadar  |        | 8.174                 | 7.327                 | 29.289           |
| Andre driftskostnadar   |        | 7.449                 | 8.972                 | 35.316           |
| Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eigenlutar        |        | 266                   | 367                   | 1.364            |
| <b>Sum driftskostnader</b>  |        | <b>15.889</b>         | <b>16.666</b>         | <b>65.969</b>    |
| <b>Resultat før tap</b>   |        | <b>27.619</b>         | <b>19.767</b>         | <b>104.659</b>   |
| Kredittap på utlån, garantiar og renteberende verdipapir                    | Note 5 | -381                  | 1.240                 | 4.419            |
| <b>Resultat før skatt</b>   |        | <b>28.000</b>         | <b>18.527</b>         | <b>100.239</b>   |
| Skattekostnad   |        | 7.000                 | 4.635                 | 23.245           |
| <b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>                                |        | <b>21.000</b>         | <b>13.892</b>         | <b>76.994</b>    |
| <i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>                                 |        |                       |                       |                  |
| Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat | Note 7 | -396                  | -789                  | 6.882            |
| <b>Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet</b>            |        | <b>-396</b>           | <b>-789</b>           | <b>6.882</b>     |
| Verdiendring utlån til verkeleg verdi                                       |        | 0                     | 0                     | 59               |
| Skatt   |        | 0                     | 0                     | -15              |
| <b>Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet</b>                  |        | <b>0</b>              | <b>0</b>              | <b>44</b>        |
| <b>Totalresultat</b>  |        | <b>20.604</b>         | <b>13.103</b>         | <b>83.921</b>    |
| <b>Resultat per aksje</b>   |        | <b>9,02</b>           | <b>5,73</b>           | <b>32,89</b>     |

|   | Note        | 31.3.24          | 31.3.23          | 31.12.23         |
|---|-------------|------------------|------------------|------------------|
| <b>Balanse - Eigenlutar - Konsern</b>                 |             |                  |                  |                  |
| <i>Tal i tusen kroner</i>                             |             |                  |                  |                  |
| Kontantar og kontantekvivalentar                      |             | 81.153           | 77.428           | 77.931           |
| Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar        |             | 190.865          | 206.319          | 265.139          |
| Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi  | Note 4 og 5 | 3.948.962        | 3.755.528        | 3.921.806        |
| Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost | Note 4 og 5 | 1.398.119        | 1.289.403        | 1.396.678        |
| Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument       | Note 7      | 586.051          | 550.706          | 585.183          |
| Varige driftsmiddel                                   |             | 16.613           | 17.033           | 16.892           |
| Andre eigenlutar                                      |             | 4.865            | 8.493            | 4.196            |
| <b>Sum eigenlutar</b>                                 |             | <b>6.226.627</b> | <b>5.904.911</b> | <b>6.267.823</b> |
| <b>Balanse - Gjeld og eigenkapital</b>                |             |                  |                  |                  |
| <i>Tal i tusen kroner</i>                             |             |                  |                  |                  |
| Innlån frå kreditinstitusjonar                        |             | 0                | 59               | 0                |
| Innskot frå kundar                                    |             | 4.379.181        | 4.096.178        | 4.390.434        |
| Gjeld stifta ved utferding av verdipapir              | Note 8      | 1.009.385        | 1.033.184        | 1.049.368        |
| Anna gjeld  |             | 25.297           | 21.723           | 21.905           |
| Forpliktingar ved skatt                               |             | 8.637            | 13.590           | 21.132           |
| Andre avsetningar                                     |             | 240              | 495              | 324              |
| Ansvarleg lånekapital                                 | Note 8      | 60.141           | 60.103           | 60.142           |
| <b>Sum gjeld</b>                                      |             | <b>5.482.881</b> | <b>5.225.332</b> | <b>5.543.304</b> |
| Innskoten eigenkapital                                | Note 10     | 58.014           | 58.014           | 58.014           |
| Opptent eigenkapital                                  |             | 615.879          | 557.218          | 615.879          |
| Fondsobligasjonskapital                               |             | 50.210           | 50.194           | 50.210           |
| Resultat i perioden etter skatt                       |             | 19.352           | 13.978           | 0                |
| Ikkje kontrollerande eigarinteresser                  |             | 292              | 176              | 415              |
| <b>Sum eigenkapital</b>                               | Note 9      | <b>743.747</b>   | <b>679.579</b>   | <b>724.519</b>   |
| <b>Sum gjeld og eigenkapital</b>                      |             | <b>6.226.627</b> | <b>5.904.911</b> | <b>6.267.823</b> |

| <b>Balanse - Eigenlutar - Morbank</b>                 |               | <b>Note</b> | <b>31.3.24</b>   | <b>31.3.23</b>   | <b>31.12.23</b>  |
|---|---------------|-------------|------------------|------------------|------------------|
| Tal i tusen kroner                                    |               |             | 81.153           | 77.428           | 77.931           |
| Kontantar og kontantekvivalentar                      |               |             | 190.865          | 206.319          | 265.139          |
| Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar        |               |             | 3.948.962        | 3.755.528        | 3.921.806        |
| Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi  | Note 4 og 5   |             | 1.398.119        | 1.289.986        | 1.396.678        |
| Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost | Note 4 og 5   |             | 586.051          | 550.859          | 585.183          |
| Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument       | Note 7        |             | 153              | 0                | 153              |
| Eigarinteresser i konsernselskap                      |               |             | 16.335           | 16.703           | 16.601           |
| Varige driftsmiddel                                   |               |             | 4.240            | 7.191            | 3.670            |
| Andre eigenlutar                                      |               |             |                  |                  |                  |
| <b>Sum eigenlutar</b>                                 |               |             | <b>6.225.878</b> | <b>5.904.014</b> | <b>6.267.159</b> |
| <b>Balanse - Gjeld og eigenkapital</b>                |               |             |                  |                  |                  |
| Tal i tusen kroner                                    |               |             | <b>31.3.24</b>   | <b>31.3.23</b>   | <b>31.12.23</b>  |
| Innlån frå kreditinstitusjonar                        |               |             | 0                | 59               | 0                |
| Innskot frå kundar                                    |               |             | 4.379.584        | 4.096.234        | 4.391.029        |
| Gjeld stifta ved utferding av verdipapir              | Note 8        |             | 1.009.385        | 1.033.184        | 1.049.368        |
| Anna gjeld  |               |             | 24.674           | 20.993           | 21.496           |
| Forpliktingar ved skatt                               |               |             | 8.549            | 13.572           | 20.977           |
| Andre avsetningar                                     |               |             | 240              | 495              | 324              |
| Ansvarleg lånekapital                                 | Note 8        |             | 60.141           | 60.103           | 60.142           |
| <b>Sum gjeld</b>                                      |               |             | <b>5.482.574</b> | <b>5.224.641</b> | <b>5.543.335</b> |
| Innskoten eigenkapital                                | Note 10       |             | 58.014           | 58.014           | 58.014           |
| Opptent eigenkapital                                  |               |             | 615.599          | 557.274          | 615.599          |
| Fondsobligasjonskapital                               |               |             | 50.210           | 50.194           | 50.210           |
| Resultat i perioden etter skatt                       |               |             | 19.481           | 13.892           | 0                |
| <b>Sum eigenkapital</b>                               | <b>Note 9</b> |             | <b>743.304</b>   | <b>679.374</b>   | <b>723.824</b>   |
| <b>Sum gjeld og eigenkapital</b>                      |               |             | <b>6.225.878</b> | <b>5.904.014</b> | <b>6.267.159</b> |

Voss, 14. mai 2024

Styret i Voss Veksle- og Landmandsbank ASA


  
Stein Kvarekvål  
Styrelseiar

  
Olav Seim

Olav Seim



Hege Solbakken

  
Kathrine Løno Lahlum

Nestleiar

  
S. Dagestad Midttun

Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe

Adm. banksjef

## EIGENKAPITALOPPSTILLING - KONSERN

| Tal i tusen kroner  | Innskoten eigenkapital |              |               |                 | Fond for unrealiserte vinstar | Annan opptent eigenkapital | Ikke-kontrollerende eigarinteresser | Sum eigenkapital |
|---|------------------------|--------------|---------------|-----------------|-------------------------------|----------------------------|-------------------------------------|------------------|
|   | Aksjar                 | Eigne aksjar | Overkurs      | Fondsobligasjon |                               |                            |                                     |                  |
| <b>Eigenkapital 31.12.2023</b>                              | <b>11.103</b>          | <b>-84</b>   | <b>46.995</b> | <b>50.210</b>   | <b>39.402</b>                 | <b>576.476</b>             | <b>415</b>                          | <b>724.519</b>   |
| Resultat etter skatt  |                        |              |               | 1.123           |                               | 19.748                     | -124                                | 20.748           |
| Verdiendring på finansielle eigenlutar over utvida resultat |                        |              |               |                 | -396                          |                            |                                     | -396             |
| Vinst sal eigenkapitalinstrument                            |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     | 0                |
| Verdiendring på finansielle eiendeler over utvidet resultat |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     | 0                |
| Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)                             |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     | 0                |
| Skatt på verdiendring utlån                                 |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     | 0                |
| <b>Totalresultat 31.03.2024</b>                             | <b>0</b>               | <b>0</b>     | <b>0</b>      | <b>1.123</b>    | <b>-396</b>                   | <b>19.748</b>              | <b>-124</b>                         | <b>20.351</b>    |
| Utbetalt utbytte  |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     | 0                |
| Utbetalte renter hybridkapital                              |                        |              |               | -1.123          |                               |                            |                                     | -1.123           |
| Tilbakekjøp av fondsobligasjon                              |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     | 0                |
| Endring egne eigenkapitalbevis                              |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     | 0                |
| <b>Eigenkapital 31.03.2024</b>                              | <b>11.103</b>          | <b>-84</b>   | <b>46.995</b> | <b>50.210</b>   | <b>39.006</b>                 | <b>596.224</b>             | <b>292</b>                          | <b>743.747</b>   |
|   |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     |                  |
| <b>Eigenkapital 31.12.2022</b>                              | <b>11.103</b>          | <b>-84</b>   | <b>46.995</b> | <b>76.313</b>   | <b>33.401</b>                 | <b>525.877</b>             | <b>93</b>                           | <b>693.698</b>   |
| Resultat etter skatt  |                        |              |               | 1.272           | -128                          | 12.833                     | 83                                  | 14.060           |
| Verdiendring på finansielle eigenlutar over utvida resultat |                        |              |               |                 | -789                          |                            |                                     | -789             |
| Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)                             |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     | 0                |
| Skatt på verdiendring utlån                                 |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     | 0                |
| <b>Totalresultat 31.03.2023</b>                             | <b>0</b>               | <b>0</b>     | <b>0</b>      | <b>1.272</b>    | <b>-917</b>                   | <b>12.833</b>              | <b>83</b>                           | <b>13.271</b>    |
| Utbetalt utbytte  |                        |              |               | -1.391          |                               |                            |                                     | -1.391           |
| Utbetalte renter hybridkapital                              |                        |              |               | -26.000         |                               |                            |                                     | -26.000          |
| Tilbakekjøp av fondsobligasjon                              |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     | 0                |
| Utbetalt utbytte  |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     | 0                |
| <b>Eigenkapital 31.03.2023</b>                              | <b>11.103</b>          | <b>-84</b>   | <b>46.995</b> | <b>50.194</b>   | <b>32.484</b>                 | <b>538.711</b>             | <b>176</b>                          | <b>679.579</b>   |
|   |                        |              |               |                 |                               |                            |                                     |                  |
| <b>Eigenkapital 31.12.2022</b>                              | <b>11.103</b>          | <b>-84</b>   | <b>46.995</b> | <b>76.313</b>   | <b>33.401</b>                 | <b>525.876</b>             | <b>93</b>                           | <b>693.698</b>   |
| Resultat etter skatt  |                        |              |               | 4.516           | -512                          | 73.326                     | 322                                 | 77.652           |
| Verdiendring på finansielle eigenlutar over utvida resultat |                        |              |               |                 | 6.469                         |                            |                                     | 6.469            |
| Vinst sal eigenkapitalinstrument                            |                        |              |               |                 |                               | 413                        |                                     | 413              |
| Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)                             |                        |              |               |                 | 59                            |                            |                                     | 59               |
| Skatt på verdiendring utlån                                 |                        |              |               |                 | -15                           |                            |                                     | -15              |
| <b>Totalresultat 31.12.2023</b>                             | <b>0</b>               | <b>0</b>     | <b>0</b>      | <b>4.516</b>    | <b>6.001</b>                  | <b>73.739</b>              | <b>322</b>                          | <b>84.579</b>    |
| Utbetalt utbytte  |                        |              |               |                 |                               | -23.139                    |                                     | -23.139          |
| Utbetalte renter hybridkapital                              |                        |              |               | -4.620          |                               |                            |                                     | -4.620           |
| Tilbakekjøp av fondsobligasjon                              |                        |              |               | -26.000         |                               |                            |                                     | -26.000          |
| <b>Eigenkapital 31.12.2023</b>                              | <b>11.103</b>          | <b>-84</b>   | <b>46.995</b> | <b>50.210</b>   | <b>39.402</b>                 | <b>576.476</b>             | <b>415</b>                          | <b>724.519</b>   |

## EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

| Tal i tusen kroner  | Innskoten eigenkapital |              |               |                 | Opptent eigenkapital          |                            |                  |                |
|---|------------------------|--------------|---------------|-----------------|-------------------------------|----------------------------|------------------|----------------|
|   | Aksjar                 | Eigne aksjar | Overkurs      | Fondsobligasjon | Fond for unrealiserte vinstar | Annan opptent eigenkapital | Sum eigenkapital |                |
| <b>Eigenkapital 31.12.2023</b>                              | <b>11.103</b>          | <b>-84</b>   | <b>46.995</b> | <b>50.210</b>   | <b>39.402</b>                 | <b>576.198</b>             | <b>723.824</b>   |                |
